



Arkivsaknr: 2026/417-2
Sakshandsamar: Tonje Husum Aarland
Avdeling: Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Utval

Kommunestyret

Tenesteavtale 13 - Barn og unge som mottek tenester frå begge forvaltningsnivåa

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Modalen kommune godkjenner Tenesteavtale 13 – Barn og unge som mottek tenester frå begge forvaltningsnivåa slik den ligg føre.

Politisk behandling

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Godkjenning av tenesteavtale 13 om samarbeid om yting av helse- og omsorgstenester til barn og unge med samansette vanskar og lidingar, og som derfor mottek tenester frå begge forvaltningsnivåa.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunane er pålagt å inngå samarbeidsavtalar med spesialisthelsetenesta, jf. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2.

Det er etablert 19 helsefellesskap med utgangspunkt i geografiske opptaksområde for helseføretaka der helseføretaka og kommunane i opptaksområdet møtast. Helsefellesskapa er ikkje ein juridisk eining, men ein arena for samhandling på ulike nivå. I helsefellesskapa møtast representantar frå kommunar og sjukehus, brukarar og lokale fastlegar for å planlegge og utvikle tenester saman. Ein kan lese meir om Helsefellesskapet i vårt område på www.saman.no.

Vurderingsgrunnlag

Som eit ledd i gjennomføringa av samhandlingsreforma vart det lovpålagt å inngå lokale samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Føremålet med avtalane er å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, og å etablere gode arenaer og rutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalane skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Blant samarbeidsavtalane er det utarbeida overordna avtale, tenesteavtalar og særavtalar.

Tenesteavtale 13 har som føremål å bidra til eit godt tilbod til barn og unge med samansette behov. Avtalen skal og bidra til koordinerte og heilskaplege tenester:

- mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta
- når pasienten har behov for helsehjelp frå fleire einingar i sjukehus eller kommune
- i overgang frå barn til vaksen (på begge forvaltningsnivåa).

Partar

Avtalen er inngått mellom kommunane i Helse Bergen HF sitt føretaksområde, Helse Bergen HF, Betanien sykehus AS, Haraldsplass Diakonale Sykehus AS, Solli distriktpsikiatriske senter, og Voss Distriktpsikiatriske Senter NKS Bjørkeli.

Vurdering

Tenesteavtalen er i tråd med gjeldande lovverk og Helsefellesskapet i bergensområdet sitt avtaleverk, og følgjer av nytt krav frå 2021 i helse- og omsorgstenestelova til samarbeidsavtalen mellom kommunar og helseføretak.

Kommunane og spesialisthelsetenesta har samarbeida om utarbeidinga av tenesteavtalen. Strategisk samarbeidsutval godkjende avtaleutkastet til Tenesteavtale 13 i sitt møte 11. Juni 2026 og ba om at avtalen blei sendt til partane for handsaming og signering.

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner og vedtek tenesteavtale 13 slik den ligg, etter vedtak i SSU i juni 2026.

Vedlegg

- 1 Handsaming og signering av Tenesteavtale 13 - Barn og unge som mottek tenester frå begge forvalt.pdf
- 2 Tenesteavtale 13 - Barn og unge som mottek tenester frå begge forvaltningsnivå.pdf
- 3 Følgjeskriv Tenesteavtale 13 - Barn og unge som mottek tenester frå begge forvaltningsnivåa.pdf